

Super konsertoppleveling!!

26.08.2018



Under avslutningsnummeret Elektrisk var det verkeleg elektrisk trøkk og stemming.

At konserten i Aktivitetshuset slutta med Elektrisk, slagermelodien til Markus og Martinus, passa svært så godt. Stemninga i lokalet kan vel ikkje karakteriserast anna enn elektrisk. Det var taktfast klapping til melodiane, latterutbrot og ståande applaus. Dei unge musikantane skapte ei heilt spesiell stemning saman med instruktørane sine, Eirik og Joacim Gjerdevik og Tor Skeie Olsen.



Det var godt med publikum som storkosa seg. Her frå Flight of the bumble bee.

Det var eit velfylt amfi som møtte ein fornøgd Tor Skeie Olsen då han ønskte velkommen og fortalte litt om seminarhelga. Han retta ei spesiell takk til Sparebankstiftinga og Spar Uskedalen. Sparebankstiftinga har i 5 år

gjeve økonomisk støtte, og Spar har bidrege med både is og brødmat med meir.

Tor overlet podiet til Eirik Gjerdevik som utover i konserten hadde roller både dirigent, solist og konferansier. Alt på beste måte! Med den krevjande marsjen Barnard Castle framført av dei eldste musikarane var standarden for det publikum skulle få oppleve sett. Dei fulgte opp med ein klangfull vakker hymne før denne gjengen avslutta si avdeling med skikkeleg viking-rock i nummeret Heavy på Gnithei av Torstein Aagaard Nilsen.



Tubaspel på høgt internasjonalt nivå av Eirik Gjerdevik

Den flotte avdelinga vart så fulgt opp av tubaspel av verkeleg høg klasse. Eirik Gjerdevik bytta nemleg ut dirigentpinnen med tubaen. Først fekk publikum høyra ei vakker og klangfull framføring av nydelege Gabriellas song. Dette vart så avløyst av Czardas, det showprega og artige fiolinstykket. Tubaversjonen til Gjerdevik er det verkeleg klasse over. Det vart både humring, latter og klapp frå salen. Dei to nummera viste verkeleg breidda og kvaliteten i det den store tubaisten framførte.

Dei yngste musikarane imponerte så då dei framførte Let me entertain you(Robbie Williams) og Elektrisk. Ekstra imponerande vart det då dirigenten deira Joacim Gjedevik fortalte at desse to nummera hadde dei øvd inn i dag etter at dei hadde hatt ein del viktige, grunnleggande øvingar fredag og lørdag. Flott levert!!!



Imponerande framføringer av dei ferske musikarane i juniorkorpset.

Joacim Gjerdevik heldt fram i dirigentrolla då storkorpset akkompagnerte Eirik Gjerdevik i Humlens flukt. No tok showet av! Gjerdevik stilte med susafon i full humlekostyme og spelte og showa i fri dressur, medan Tor Skeie Olsen hadde fått rolla som birøktar. Kjempegøy!! Og det er lett å forstå at nokre musikarar i storkorpset som spelte med, hadde problem med å halda latteren tilbake. SHOW!!

Dirigent Tor Skeie Olsen var naturleg nok svært fornøgd med helga. Han rosa både musikarane og instruktørane, men han tok fleire med i rosen. Både Sparebankstiftinga og Spar Uskedalen er nemnd. Han rosa også foreldregruppa som verkeleg hadde stått på, og ikkje minst var han glad for at dei hadde fått låna klatreveggen i pausane. Andre aktivitetar er viktig for det sosiale, og han seier at det også i klatreveggen handlar om å nå nye grenser.

Tor seier også at planane framover byr på mykje kjekk aktivitet, og i dei ligg det også meir samarbeid.



Dei tre dirigentane Tor, Eirik og Joacim fekk velfortent takk og blom

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland